


## Eit landemerke av ei løy vert restaurert.

18.12.2018



Foirma Tore Furdal restaurerer gamal løy i Beinavikjo. F.v: Thomas Teigen og Tore Furdal.

**Den gamle løy i Beinavikjo er restaurert. Arbeidet starta ved skifte og forsterking av taket. Seinare er berekonstruksjonen betra og det er kome ny bordkledning. Løy er eit landemerke og er godt synleg på alle eldre fotografi frå Beinavikjo, med handel, D/S kai, post, hermetikk- og formjølfabrikkar og farty til kai eller på svai.**

Taket vart fyrst forsterka og utbeta av snikrar frå Uskedal Trelastlager. Den siste restaureringa er gjort av tømrrar Tore Furdal. Det er drive oppretning og lagt inn nye stender. Den tømra floren er intakt. Rotne og mitherja deler er skifta ut. Låvebrua er original og teken vare på. Til slutt er ny bordkledning på plass. Materialane er skorne på Hestad si sag i Omvikkalden.




Restaureringa er gjort med mellom anna oppretting, forsterking og ny bordkledning. Den gamle låvebrua er slik den alltid har vore. Tore Furdal driv for det meste med restaurering, men firma byggjer også nytt. Straks etter arbeidet i Beinavikjo er han no på plass oppe i Halsabrotet for å reisa ein garasje. Tore Furdal er godt nøgd med å få arbeid i Uskedalen. I mange periodar har han vore engasjert av Baroniet til arbeid med den nye kulturløa, eit stort og omfattande arbeid som skal gjerast etter føringar frå antikvariske vernemyndigheter.

Det er Olga Arnesen som er eigar av løa i dag. Sonen, Sigurd Arne, fortel at dette er løa som hørde til den fyrste etableringa i Beinavikjo, frå den gongen Jens Arnesen kom hit og bygde etter 1859. Etter han kom sonen Ivar Arnesen. Løa til Hugo Arnesen stod låg lenger oppe i bakken og vart riven ved at riksvegen vart utvida.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/ frå kommunal fotosamling



Den gamle lòa i Beinavikjo hørde til Ivar Arnesen sitt bruk. Lòa er eit landemerke og er godt synleg på mange eldre fotografi.